Innkalling: HARDANGER UNGDOMSRÅDSMØTE
Dato: Torsdag 04.14.2018
Stad: På toget til Oslo
Tid: 10.00 - 12.00

HU-sak 15/18 Førebuing møte med Hordalandsbenken

HU-sak 16/18 Ymse

HU-sak 17/18 Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.

Forfall må meldast:
Hardangerrådet v/Trude Lægreid Rinaldo
tlf 53 67 14 50 /489 54 550
mail: trude@hardangerraadet.no
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Hardangerrådet / Kinsarvik 29.11.2018

Trude Lægreid Rinaldo
Konsulent Hardangerrådet/Sekretær Hardanger Ungdomsråd

**SAKLISTE:**

**HU-sak 15/18 Førebuing møte med Hordalandsbenken**

Vedlegg: Presentasjon til møtet
Mailar om responstider i Hardanger frå helesføretaka

Me går gjennom presentasjonen og førebur det som skal seiast og kven som skal prata.
På telefonmøte vart det avklart at det er Marte sin historie me deler.

**HU-sak 16/18 Ymse**

**HU-sak 17/18 Informasjon om arbeid frå den einskilde kommune/herad sine ungdomsråd i Hardanger.**

Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger

# Hardanger Ungdomsråd møter Hordalandsbenken på Stortinget 4.12.18

**Tusen takk for invitasjonen!**


Hardanger
HU
Hardanger
Ungdomsråd
… med auge for framtida!

Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger

I dag vil me ta opp:

# LOVBESTEMT RESPONSTID PÅ AMBULANSE

Dette har vore tema på rådsmøter, og på Hardanger UngdomsTING, og er veldig viktig for oss som veks opp og skal leva i Hardanger.

Dette er ei ungdomsrådssak fordi me er framtida til Hardanger. ME representerar også framtida i distriktsnorge.

ME vil bu ein trygg stad, då er krav til responstid heilt avgjerande.

Dette har me gjort:

- ★ Henta inn responstider frå Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Vest
- ★ Skrive brev og uttale til Helse Fonna, Helse Bergen og Helse Vest
- ★ Sendt brev til Terje Breivik
- ★ Diskutert saka på Hardanger UngdomsTING i 2017
- ★ Invitert Helseføretaka og ambulansetenesta og politikarar til Hardanger UngdomsTING 2018
- ★ Og no er me her på Stortinget og møter Hordalandsbenken

Hardanger Ungdomsråd

*... med auge for framtída!*




Hardanger

Hardanger Ungdomsråd

*... med auge for framtída!*

Til Helse Bergen
Til Helse Fonna

Kopi: Kommunane i Hardanger

Kinsarvik 16.03.2017

*Særutskrift frå Hardanger Ungdomsrådsmøte 09.03.2017 i Eidfjord*

**«Vedtak:**
Hardanger Ungdomsråd gjev denne uttalen og sender brev til både Helse Bergen og Helse Fonna der ein ber om eit møte med dei. Hardanger Ungdomsråd ber også om at dei gjer greie for korleis dei tenkjer at utfallet skal verta.

**Uttale om Ambulanse og responstid frå Hardanger Ungdomsråd:**

Me vil føla oss trygge.

Hardanger Ungdomsråd er uroa på vegne av Hardanger og distriktsnorge når det gjeld omstrukturering av ambulanse og kva det gjer med responstid. Hardanger Ungdomsråd representerar dei 7 Hardangerkommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik.

Det er store avstandar i regionen vår. Eksempelvis er det er 70 km frå Odda til Haukeli, 100 km frå Voss til Halne, 90 km frå Mundheim til Bergen og 80 km frå Norheimsund til Voss. I retningslinjene står det at responstida skal vera under 25 minutt i distriktet, skal me då godta at den er på 40 minutt?( I byområdet er krav til responstida 12 minutt)

Eksempel på gjennomsnittlege responstider i ulike deler av Hardanger:

- frå Ulvik er responstid i snitt på over 40 minutt, dårlegast i Hardanger
- frå Granvin er responstid i snitt på 28,1 minutt.
- frå Eidfjord er responstid i snitt på 36,1 minutt.
- frå Kvam er reponstida i snitt på 18,1 minutt.

*(Ikkje fått tal frå dei andre kommunane, derfor ikkje med her)*

Legevaktordninga i Hardanger er no i gang, dvs at nattetid er det kun tilgjengeleg lækjarar i Odda og på Voss, gjer ikkje det behovet for lokalt bemanna ambulansar endå større?

Utifrå dette forventar me at det vert gjort tiltak for å bevara dei ambulansetenestene som er i dag som eit minimum, og godtek ikkje at fleire ambulansestasjonar forsvinn. Når ulukka først er ute, må denne tenesta vera eit minimum for å redda liv.

Me ute i distriktet er like viktige som menneska i byane. Helsa er den same, og burde vera like mykje prioritert uavhengig om du bur i by eller bygd! Faren er at denne omstruktureringa vil svekka distriktet, for ein vil ikkje bu på ein plass der helsa di ikkje er prioritert.»

Fruktbar helsing Hardangerrådet iks
Trude L Rinaldo
Konsulent Trude L. Rinaldo
post@hardangerraadet.no
www.hardanger.com

Hardanger Ungdomsråd

*... med auge for framtida!*

Hardanger

Dette har me funne ut om responstid i Hardanger:

| | Gj. responstid AKUTT | Lengste responstid |
|---|---|---|
| ➢ Eidfjord : | .. over 22 minutt | .. over 60 minutt |
| ➢ Granvin: | .. over 26 minutt | .. over 40 minutt |
| ➢ Jondal: | .. over 36 minutt | .. over 50 minutt |
| ➢ Kvam: | .. over 20 minutt | .. over 50 minutt |
| ➢ Odda: | .. over 14 minutt | .. over 55 minutt |
| ➢ Ullensvang: | .. over 33 minutt | .. over 50 minutt |
| ➢ Ulvik: | .. over 29 minutt | .. over 50 minutt |

Hardanger Ungdomsråd

... med auge for framtida!

Hardanger

VÅRT MÅL ER:

# LOVBESTEMT RESPONSTID PÅ AMBULANSETENSTER

# i HEILE NORGE


Tusen takk for at de tok dykk tid til og
høyrer på ungdomen - framtida til Norge!
NØDUTGANG
HU
Hardanger
Ungdomsråd
... med auge for framtida!
Hardanger
Tusen takk for oss!

RESPONSTID
*ODDA
*ULLENSVANG
*JONDAL

Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

# Responstider Hardanger

2 e-poster

**Lynghamar, Roger** <roger.lynghamar@helse-fonna.no> 23. november 2018 kl. 11:48
Til: "trude.rinaldo@hardangerraadet.no" <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>
Kopi: "vibeke.lynghammer@odda.kommune.no" <vibeke.lynghammer@odda.kommune.no>, "Stig.Hope@ullensvang.herad.no" <Stig.Hope@ullensvang.herad.no>

Hei!

Eg ser du har sendt til feil e-mail adresse til meg, og har difor ikkje fått mailen din før Vibeke sendte den vidare til meg i går...

Når det gjeld responstider, så har eg sett gjennom vårt system og laga eit gjennomsnitt for utrykningar til dei forskjellige kommunane:

Odda Kommune – 14 minutt – Lengste utrykning – ca. 55 minutt

Ullensvang kommune – 33 minutt – Lengste utrykning ca. 50 minutt

Jondal Kommune 36 minutt – Lengste utrykning ca. 50 minutt

Gjennomsnittet er berekna ut i frå de ambulansen til ei kvar tid befinn seg. Lengste utrykning er frå Odda Ambulansestasjon.

Det er og viktig å merke seg at det er etablert akuttthjelperar i lokale brannvesen med kortare responstid i Røldal, Odda, Lofthus, Grimo og Jondal.

Skulle det vera noko meir de lurer på, er det berre til å ta kontakt!

Vennleg helsing

**Roger Lynghamar**
Seksjonsleder
53651205 / +4792664841
Helse Fonna HF
www.helse-fonna.no

**Trude Rinaldo** <trude.rinaldo@hardangerraadet.no> 23. november 2018 kl. 12:02
Til: "roger.lynghamar@helse-fonna.no" <roger.lynghamar@helse-fonna.no>

Hei Roger!
Takk for informasjon. Flott at me nådde deg ! Skal lagra rett adresse.

Mvh Trude

RESPONSTID
* EIDFJORD
* ULVIK
* GRANVIN
* KVAM

Trude Rinaldo <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>

# SV: Responstid på Ambulanse i Hardanger

3 e-poster

**Østerås, Øyvind** <oyvind.osteras@helse-bergen.no> 28. november 2018 kl. 22:12
Til: "trude.rinaldo@hardangerraadet.no" <trude.rinaldo@hardangerraadet.no>
Kopi: "Lekve, Arnt Inge" <arnt.inge.lekve@helse-bergen.no>, "Sætre-Hansen, Otto" <otto.setre-hansen@helse-bergen.no>

Hei!

Her finner du oppdatert responstid for Hardanger. Ta kontakt med Otto eller Arnt Inge dersom du trenger en forklaring på hva tidene innebærer. Tidene er forklart i prehospital plan:

| | Oppdrag rød respons | Via 113 | Med responstid | Responstid-gjennomsnitt | Responstid median | Responstid 90% |
|---|---|---|---|---|---|---|
| Eidfjord 2017 | 55 | 37 | 27 | 20,1 | 15,0 | 39,8 |
| Ulvik 2017 | 43 | 19 | 15 | 32,4 | 33,4 | 41,6 |
| Granvin 2017 | 21 | 11 | 8 | 30,2 | 24,0 | 46,7 |
| Kvam 2017 | 230 | 155 | 126 | 17,3 | 12,0 | 33,5 |
| | | | | | | |
| Eidfjord 2018 | 55 | 36 | 27 | 22,5 | 17,7 | 39,0 |
| Ulvik 2018 | 34 | 17 | 14 | 29,5 | 30,9 | 37,4 |
| Granvin 2018 | 29 | 21 | 17 | 26,9 | 25,6 | 36,7 |
| Kvam 2018 | 206 | 147 | 123 | 20 | 16,9 | 33,8 |

2018: Pr 31.10.18

Lykke til!

Med vennlig hilsen

**Øyvind Østerås**
Avdelingssjef, avdelingsoverlege

Akuttmedisinsk avdeling

**Fra:** Trude Rinaldo [mailto:trude.rinaldo@hardangerraadet.no]
**Sendt:** 21. november 2018 13:58
**Til:** roger-lynghamar@helse-fonna.no; Mosevoll, Tone Daltveit; Silje Todnem; Arne Aksnes
**Kopi:** Arnved Lund; Bergljot Maria Veivåg; Jordal Harald; kwvi@kvam.kommune.no; Knud-Erik Gissel; Linn Merete Østerbø; Reidun; Seim Olav; Siri Stuve; Stig Hope; Vibeke Lynghammer; Hans Petter Thorbjørnsen; Ingebjørg Winjum; Jostein Eitrheim; Jostein Ljones; Larsgard Jon; Roald Aga Haug; Ordførar Ullensvang herad; Thore Hopperstad; Tveit Anved Johan
**Emne:** Responstid på Ambulanse i Hardanger

Hei!

Hardanger ungdomsråd skal møta Hordalandsbenken på Stortinget tysdag 4. desember 2018

I den sammenheng treng eg oppdatert responstid for alle kommunane i Hardanger.

I 2017 sendte me denne uttalen på grunnlag av informasjon me fekk inn då.

Eg ber om oppdatert informasjon frå alle kommunane.

Vedlagt uttale til helseføretaka i 2017

--